



Fylkesstyret:

Arne Magnus Aasen	leiar	6670 Øydegard	71 53 32 91	48043584	arne.magnus.aasen@lfr.no
Inge Martin Karlsvik	nestleiar	6490 Eide		95264979	inge.karlsvik@adsl.no
Anne Katrine Jensen	styremedlem	6638 Osmarka	71 29 03 80	90156039	anne.katrine@hansgarden.no
Birgit Oline Kjerstad	styremedlem	6293 Longva	70 21 76 48	48111549	birgitkj@online.no
Per Kristian Gjerde	styremedlem	6200 Stranda	70 26 24 06	95043532	pk_trio@yahoo.no
Hans Frafjord	1. vara	6390 Vestnes	71 18 20 85	41518991	hfrac@broadpark.no
Solveig Linge Stakkestad	Leiar	Bygdevinnelaget Valldal	70 25 75 97	95856643	solveig@linge.bz
Kari Haugen, Nygata 10, 6002 Ålesund (Leiar	Bygdeungdomslaget)			97171623	haugenkari@live.no

Til orientering:

Audun Skjervøy	2. vara	6210 Valldal	70 25 94 99	99579175	audun@storstova.no
Gunnar Børset,	3. vara	6620 Ålvundeid	71 69 77 12	90976688	gunnar72@start.no
Sekretariatet:					
Gunnar K. Wentzel,	org sjef - møte		71 20 28 92a	90729582	gunnar.wentzel@bondelaget.no
Arild Erlie,	org.kons - møte ikkje		71 20 28 93a	99726399	arild.erlien@bondelaget.no
Atle Frantzen			71 20 28 94a		atle.frantzen@bondelaget.no
Anne Turid Myrbostad			71 20 28 90a	95944610	anne.turid.myrbostad@bondelaget.no

Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag fredag 19. februar 2010 kl. 10.30 – 16.00 på Felleskjøpets møterom, Molde

1/2010 Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilleggsak førespurnad frå Bioforsk – Økologisk om å delta i referansegruppe Miljømelk.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjend.

2/2010 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 8.-9. februar 2010

Vedtak: Protokoll frå styremøtet 8.-9. februar 2010 godkjend.

SAK 5.2/2010: Program årsmøtet Møre og Romsdal Bondelag 12.-13. mars 2010

Vedlegg: Revidert programutkast.

Invitere fylkesordførar til høyringsposten, og Hanekamhaug om Grimstad seier nei.

Vert under middagen: Per Kristian og Birgit.

Vedtak: Programutkastet med merknadar blir lagt til grunn for det vidare arbeid.

SAK 3.3/2010: Jordbruksforhandlingane 2010

Styret drøfta kort det vidare arbeidet.

Styret vil innad peike på interne kostnader i næringa for å få til samordning og reduksjonar.

Prøve å få fylkesordføraren til å gå vidare med Vestlands-bodskapen, pakke for mjølk og Vestlandet.

Lage enkel framstilling om: Samvirke sin funksjon. Den norske landbruksmodellen.

SAK 4.2/2010: Ny stortingsmelding om landbruks- og matpolitikken

Styret drøfta kort det vidare arbeidet.

Norges Bondelag planlegg å sende notat framfor Representantskapet i mars til høyring i fylkeslaga for muleg handsaming i fylkesårsmøta om vi ønskjer det og der styrerepresentanten kan ta opp saka.

Nytt dokument til høyring framfor årsmøtet i Norges Bondelag.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde	Telefon: 71 20 28 90	Mobil: 907 29 582	E-postadresse: More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto: 3980.07.11308	Internet:	
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto: 8101.05.91392		www.bondelaget.no/moreogromsdal

SAK 16/2010: Årsmelding for Møre og Romsdal Bondelag 2009

Den delen av årsmeldinga som ikkje er handsama i styret tidlegare vart gjennomgått på skjerm. Sekretariatet fullfører arbeidet.

Vedtak: Styret sin innstilling til årsmøtet:

Årsmelding for Møre og Romsdal Bondelag 2009 godkjend.

SAK 17/2010: Rekneskap for Møre og Romsdal Bondelag 2009

Vedlegg: Rekneskap for 2009. Rekneskapet har tatt att noko av underskot i 2007 på – kr 140.034 og 2008 på – kr 68.430.

Vedtak: Styret sin innstilling til årsmøtet:

Rekneskapet for Møre og Romsdal Bondelag for 2009 er godkjend. Rekneskapet er gjort opp med eit overskot på kr 113.220. Eigenkapitalen 1.1.2009 var kr 763.409. Ny eigenkapital pr 1.1.2010 er med det kr 876.629.

SAK 18/2010: Arbeids- og tiltaksplan for M&R Bondelag 2010-2011

Vedlegg: Framlegg

Vedtak: Arbeids- og tiltaksplan for 2010-2011 godkjend.

SAK 19/2010: Budsjett for Møre og Romsdal Bondelag 2010

Vedlegg: Framlegg budsjett står som eigen kolonne i rekneskapet.

Vedtak: Styret sin tilråding til vedtak i årsmøtet:

Budsjett for Møre og Romsdal Bondelag 2010 godkjend. Budsjettet er gjort opp med eit underskot på kr 85.000. Styret meiner fylkeslaget sin økonomi likevel er så god at det er grunnlag for å redusere eigenkapitalen. Budsjettet tek ikkje omsyn til ekstra aktivitetar som også fordrar ekstra inntekter.

SAK 20/2010: Vinnar av Aktivt Lokallag 2009

Vedlegg: Årsmelding til lokalt Bondelag. Medlemstal pr. 31.12.09 ligg i utkast til årsmelding.

Aktivt Lokallag 2008 vart Averøy Bondelag. Åra før Gjemnes BL, Tødalen BL, Aure BL, Sykkylven BL, Vestnes BL, Rindal BL, Straumsnes BL, Skjåstaddalen BL og dei to åra før det Indre Averøy BL. Mange lag har brei aktivitet og godt vervingsarbeid som er mellom føresetnadene for nominering. Aktuelle lag bør ha drive medlemsverving, tilbod til medlemene og utadretta aktivitetar.

Vedtak: Styret vil på årsmøtet utnemne XXXX Bondelag til Aktivt Lokallag 2009.

Laget får vandrepemien, trekofferten. Laget får tilbod om dekning av kostnadene til eit medlemsmøte for gamle og nye medlemmer innan ein kostnad på inntil kr 3 000 dekka av fylkeslaget.

Namn på vinnar er FORTRULEG til fylkesårsmøtet

SAK 21/2010: Premiering medlemsvervingsstafetten

Vedtak: Fylkeslaget vil premiere alle lokale Bondelag og personar som har verva minst 5 nye medlemmer frå førre fylkesårsmøte fram til årets med Bondelagseffektar. Oversikt viser at mange lag har verva tre eller fire nye medlemmer, og med ein liten ekstrainsats dei siste dagane kan det også bli premie på dei. Konkurransen held fram til årsmøtet.

SAK 22/2010: Innkomen sak til årsmøtet

Vedlegg: Framlegg frå Rauma Bondelag – om rekruttering. Fylkeslaget har 18.2. sendt ut lesarinnlegg med oppmoding til unge om å vurdere Gjermundnes VGS før søknadsfristen 1. mars.

Dette kom fram i styret:

Styret ønskjer det blir sett på mulegheitene for at det arbeidet med praktisk lærlingordning med sikte på fagbrev også kan omfatte landbruket.

Vurdere utarbeide opplegg for temamøte i lokallaga på rekruttering.

Til omdømebygginga må vi konstatere at dei fleste negative signal kjem frå næringa sjølv – på økonomi. Mykje av omdømet kjem rundt mat.

Landbruket har ikkje høg nok status som yrke. Intervju i media med kjendisar som har kjøpt gard kan vere positivt. Ordføraren i Haram karakteriserte landbruksyrket som ei omvend teine: Det er svært lett å kome ut, men nesten umuleg å kome inn.

Vedtak: Styret er svært glad for initiativet frå Rauma Bondelag til å ta opp Rekruttering på bredt grunnlag. Rekruttering er ei vinnarsak for næringa. Styret vil handsame saka i årsmøtet ved at ”Rekruttering” blir overordna tema for Landbrukskonferansen. Styret ser på statusbygging og omdømmebygging som svært viktig del av saka. Styret vil be Rauma Bondelag ved leiar Anders Øverbø om å leggje fram saka i årsmøtet. Styret førebur framlegg til årsmøtevedtak i saka i neste møte 4. mars.

SAK 23/2010: Årsmøtet - Uttaler og redaksjonsnemnd for årsmøtet

Vedtak: Styret vil førebu utkast til uttale på tema :

1 Økonomi. 2 Samvirke inkl kjedemakt og maktutgreiinga.

3 Rekruttering blir teke opp som eiga sak med sikte på vedtak og uttale i årsmøtet.

Styret gjer framlegg om desse til redaksjonsnemnd: Søren Johan Øveraa, Tore Simonset og Olaug Kvendset. Leiar i redaksjonsnemnda frå styret: Per Kristian Gjerde.

Styret handsamar framlegg i neste møte 4. mars.

SAK 24/2010: Leiarmøtet og organisasjonskurs i 2010

Vedtak: Styret vil arrangere Leiarmøte og organisasjonskurs 12. og 13. november 2010 på Alexandra Hotel i Molde. Som sist blir det planlagd to kurs på fredag og vanleg Leiarmøtet laurdag. Styremedlemene i lokallaga blir invitert til å melde seg på ein eller to dagar etter ønskje. Fylkeslaget dekkjer reise og opphald under føresetnad av dekning av kostnadene for styremedlemene i lokallaga frå fylkeslagets ramme for Opplæringsmidlar i Norges Bondelag (budsjettpost kr 105.000).

SAK 25/2010: Val av medlem til valnemnda i Norges Bondelag – Frist 6. april

Fylkesbondelaga innanfor sine regionar skal nominere eitt medlem med varamedlem til Norges Bondelag si valnemnd. Det skal nominerast eit av kvart kjønn til medlem og varamedlem.

Det er no M&R Bondelag sin tur til å ha medlem i valnemnda frå region Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag for 2011-2012. Arne Magnus Aasen sat i valnemnda i 2005 og 2006.

Vedtak: Styret vil som representantar til valkomiteen fremje forslag på mann/kvinne slik:

1 Inge Martin Karlsvik, nestleiar sidan 2008, i styret frå 2005, foreslått som ny leiar.

2 Birgit Kjerstad, medlem i fylkesstyret sidan 2006, foreslått som ny nestleiar.

SAK 26/2010 Deltaking i referansegruppe Miljømelk på Bioforsk – Økologisk

Bioforsk – Økologisk på Tingvoll vil gjerne ha Møre og Romsdal Bondelag med i referansegruppe på eit prosjekt Miljømelk over 4 år i tida 2010-2013. Bondelaget skal sikre lokal fagleg forankring og formidling av resultat. Dei siste åra vil bli mest arbeid. Prosjektet skal analysere miljømessig og økonomisk berekraft på 10 økologiske mjølkebruk i f t 10 konvensjonelle. Næringsinnhald i og innkjøpt gjødsel og fôr og andre innsatsfaktorar vil bli granska. Vurdere verknad av intensiv drift. Skal gi råd om forbetring av miljømessig og økonomisk berekraft på gardsnivå. Andre deltakarar i prosjektet vil vere Tine, Landbruk Nordvest, NBS, Oikos og M&R fylke. Deltakande bønder og referansegruppa vil få kompensert arbeidstid og reise. Prosjektet er finansiert av Norges Forskningsråd, Fondet for forskningsavgift på bøndernes produkt og over jordbruksavtala, og Forskningsmidler i M&R fylke. Fylkeslaget har tidlegare avslått å direkte støtte prosjektsøknad.

Vedtak: Styret vil gjerne delta frå starten i referansegruppe på prosjektet Miljømelk i Bioforsk med Anne Katrine Jensen. Styret vil skrive ei samarbeidserklæring (i PDF).

SAK 27/2010 Referatsaker**1 Medlemsutviklinga – Medlemsverving**

Vedlegg: Medlemstal lokallaga pr. 31. desember 2009

Medlemstal 01/01-09: 3.430 Medlemstal pr. 31/12-09: 3.431 = +1

Nyinnmelde i 2009: 171 Utmelde: 170 (av disse 30 stopp ubetalt og 14 døde)

2 Nytt frå lokallaga

Øksendal Bondelag kallar inn til årsmøte 10. mars. Forutan vanlege årsmøtesaker blir det på årsmøtet drøfting av vidare drift av Øksendal Bondelag eller samanslåing med andre Bondelag i Sunndal kommune. Leiarane i Sunndal Bondelag, Ålvundeid Bondelag og Ålvundfjord Bondelag blir invitert til møtet. Gunnar Wentzel møter.

3. Aktuelle saker – politiske arbeid – orienteringar**3.1 Midlar til Bygdeutvikling 2010 (2009) i Møre og Romsdal – Skriv frå LMD**

BU-tilskot: 30,8 mill kr (28,7) herav bedriftsretta 26 mill kr (23,2) utviklingsretta 4,8 mill kr (5,5)

Låneramme grunnlag rentestøtte opp med 18 mill kr!: **76,4 mill kr (58,7)**

Seterprosjektet: 667.000 kr (som før)

Frukt og bær i Vestland fylke for 2008-2012 i alt: 10 mill kr

Økologisk handlingsprogram: 400.000 kr (425.000)

Dette betyr at det for 2010 kan bli god balanse mellom ramme til investeringstilskot og til rentestøtte slik at det kan vere like satsar for alle investeringsnivå.

3.2 Informasjon til lokallaga i e-post: Om vurdering av tilskot Regionalt Miljøprogram i kommunane i 2010 – m.a. om Bratt Areal er falt ut

Viser til skriv til kommunane frå Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen. Kommunane skal gjennomgå erfaringane med Regionalt Miljøprogram (RMP), og faglaga skal vere med i arbeidet for 2010, og med **frist 1. april**.

Vi ber om at de gjerne sjølv tek aktiv kontakt med kommunen om de har merknader til reglane for Regionalt Miljøprogram i dykkar kommune, og spesielt der Bratt Areal er falt heilt ut.

Som det går fram av skrivet har nokre kommunar, og nokre andre fylke, klassifisert Bratt Areal som Særleg verdifullt i miljøperspektiv. Og dette blir godteke.

Vi ser klårt at tilskot til Bratt Areal tilsvarande slik det var før, sjølv om satsane kan bli endra, kan ha ”stor miljøeffekt og vere utløysande for drift av arealet”.

Sidan forskriftene står ved lag meiner vi det er lett å grunnje tilskot til Bratt Areal med miljøargument.

Vi har døme på bratt areal som er gått ut i kommunar som har gjeve kulturlandskapspris til same område, eller for brukarar som held i hevd mange bratte gardar og hatt stor inntektsreduksjon trass i miljøverdien og driftsulempe.

Så vil vi arbeide på anna hald for tiltak som kompenserer driftsulempe.

Driftsulempene slik som for bratt areal, dei som driv mange og mindre jordstykke, er ålment akseptert i og utanfor næringa. Sentralt blir det sett på kantsone-ordning. Vidare krev fylkeslaget bratt areal inn att i nasjonale føringar for RMP. Fylkesstyret meiner tilskot for bratt areal skal gjelde frå første dekar og for alt bratt areal i drift – og at det skal vere klåre krav til drift.

Heimeside 02.02.2010: Inntektene for mjølk og grasbasert husdyrhald i fjord- og fjellbygdene må opp

- Jordbruksoppgjæret må prioritere arbeidskrevjande produksjonar som mjølk og det grasbaserte husdyrhaldet i fjord- og fjellbygdene. Det seier styret i Møre og Romsdal Bondelag i eit innspel til Møre og Romsdal fylke. Nærings- og miljøutvalet i fylkeskommunen handsamer 2. februar sin uttale til departementet. Det er nytt at fylkespolitikarane formelt er bede om å kome med uttale medan det tidlegare var fylkesmannen ved Landbruksavdelinga som ga råd til Landbruks- og matdepartementet. Fylket har i sin innstilling teke med synspunkta frå fylkesbondelaget. Dei lokale bondelaga har også fått fylkesstyret sin førebelse uttale som står under, og kan gi tilbake melding også til denne om dei ønskjer det innan 25. februar.

Heimeside 02.02.2010: Rigmor A Eide, Næringskomiteen, KrF inviterte seg til Bondelagsskolen

Stortingsrepresentant Rigmor Andersen Eide som representerer Kristelig Folkeparti og sitter i Næringskomiteen inviterte seg til en ettermiddag på Bondelagets kontor til "Landbruksskole". Organisasjonssjef Gunnar Wentzel møtte en spørrelysten og engasjert folkevalgt i gjennomgangen av jordbruksavtala og politiske dokument, og konstaterte at kandidaten har et godt utgangspunkt med sin innsikt i næringsliv generelt.

Heimeside 03.02.2010: - Har regjeringen store nok ambisjoner på vegne av norsk landbruksproduksjon?

Statssekretær Ola T Heggem var svært direkte og åpen da han la fram tanker om hvordan næringa kan delta i utforming av ny stortingsmelding om landbruks- og matpolitikken. Næringa har et oppdrag fra samfunnet. Det er ambisiøst å opprettholde dagens produksjon. En moderat strukturutvikling vil skje uansett politikk. Men Norge er ikke klar for en todeling av politikken mellom et produksjonslandbruk på Jæren, sentrale Østland og Trøndelag, og distriktene ellers i landet. Næringa satsar på en god dialog med departementet om framtidens politikk, sa lederen Arne Magnus Aasen på årsmøtet i Samarbeidsrådet for Midt-Norge i det ombygde fjøset på Stokke Gård i Stjørdal.

Heimeside 06.02.2010: Fræna Bondelag markerte matpakkedagen

Også i år markerte Fræna Bondelag matpakkedagen da de fredag 5. februar stilte opp på Haukås skole i Elnesvågen med matpakker til skoleelevene. Nok en gang en suksess.

Heimeside 11.02.2010: Bondelaget og Fellesforbundet med: Rødgrønn allianse mot sosial dumping og for fagorganisering

Fellesforbundet avd. 065, Bondelaget i Møre og Romsdal og Landbruk Nordvest vil samarbeide for å førebygge og motverke sosial dumping i landbruket. Dei er også opptekne av at fleire organiserar seg. Dette vart bestemt i eit møte 10. februar på Folkets Hus i Molde.

Kommentar: Fylkeslaget ønskjer å arbeide for at folk er fagorganisert, og samarbeide med Fellesforbundet mot sosial dumping.

Heimeside 11.02.2010: Ny stortingsmelding: Det neste tiåret kan ikkje som det siste gi dobla produksjon på gardane og mindre inntekt

- Landbrukspolitikken må ha klår distriktsprofil og sikre gardsbruk med variert bruksstruktur over heile landet. Produksjonsomfanget på gardane er dobla siste tiåret mens økonomien er svekka. Slik kan det ikkje vere inn i det neste tiåret. Spesielt har Vest-Norge med sine driftsforhold kome dårleg ut på dei fleste område trass i at "alle" vil ha dette landbruket. Om vi skal ha denne fantastiske fornybare ressursen i produksjon når olje og fiskeoppdrett er slut, må meldinga gå for distriktstillegg, og arealtillegg utmålt etter driftsulempe som bratt og kantsone. Næringa bør ta utfordringa med produksjon basert på nasjonale areal og eigne krinslaupressursar framfor import og fossilt. Den neste generasjon bønder kan ha mindre formell fagkompetanse enn den som går ut. Styret i Møre og Romsdal Bondelag har også fleire omdiskuterte innspel til debatten om den nye stortingsmeldinga som alle seier skal vere open og fordomsfri.

Heimeside 18.02.2010: Naturbruk på Gjermundnes VGS noko for deg?

Mange unge står framfor eit viktig val av vidaregåande skule innan 1. mars. Som tidlegare elev, og som medlem av Skuleutvalet, vil vi presentere deg for spennande mulegheiter på ein flott skulestad som Gjermundnes vidaregåande skule i Vestnes. Det er ein vanleg VGS, men har også spesielle tilbod innan framtidsnæringar. Det skriv nestleiar Inge Martin Karlsvik og organisasjonssjef Gunnar Wentzel i eit avisinnlegg i avisene i fylket.

Gjermundnes tilbyr naturbruksutdanning for heile fylket. Det er fag som landbruk og husdyrhald, naturforvaltning, og fagbrev på hest eller anleggsgartnar. Her er utdanning innan ei anna stor næringsgrein som også ligg langt framme i vårt distrikt, produksjons- og industriteknikk for den mekaniske industrien.

Fylket har ein flott skule med fantastisk plassering på Gjermundnes. Mellom store trær er skule og internat, driftsbygg med dyr og planter, park og museum, her er skog, fjell og sjø i nærleiken. Her er plass for hestar, gitar og jenter. Buss og hurtigbåt. - Vi tilrår dei mange unge vi møter som skal overta eller kjøpe gard for å drive tradisjonelle eller nye næringar å ta fagutdanning.

Bondeyrket fordrar god og brei fagleg bakgrunn. Og Gjermundnes kan gi studiekompetanse for vidare studiar. Landbruksnæringa skal framover også rekruttere mange engasjerte fagfolk og forskarar. - Vi er sjølv glade for å ha satsa på både god fagutdanning og på gardsbruk innan ei levande og utfordrande næring. Utdanninga kan ingen ta frå oss.

4. Saker frå Bygdekvinnelaget**5. Saker frå Bygdeungdomslaget**

6. Referat skriv og meldingar**Utslippstillatelse ved Årset i Langfjorden i Molde kommune.**

Vedlegg: Brev frå Klima- og forurensningsdirektoratet til M&R Bondelag om Orientering i sak om klage på utslippstillatelse ved Årset i Langfjorden i Molde kommune. Klagen gis oppsettende virkning inntil klagen er endelig avgjort.

7. Referat frå møter og arrangement

10. febr: Møte Fellesforbundet Rose Maiken Flatmo og Cecilie Søllesvik om almenngjering løn jordbruksarbeidarar. Media. Aasen og Wentzel.

11. febr: Rauma BL framfor jordbruksforhandlingane. Wentzel.

16. febr: Gjemnes BL framfor jordbruksforhandlingane. Inge Martin Karlsvik.

16. febr: Hustad BL framfor jordbruksforhandlingane. Wentzel.

18. febr: Fræna BL framfor jordbruksforhandlingane. Aasen.

18. feb: Vestnes BL Møte om jordbruksforhandlingane, Inge Martin Karlsvik.

18. feb: Todalen BL framfor jordbruksforhandlingane, Anne Katrine Jensen.

18. feb: Norsvin M&R Årsmøte Gjermundnes, Hans Frafjord.

8) Arbeids- og møteplan 2009 / 2010

(Dato ajourført: 19. feb 2010)

Eigarskiftekurs på Sunnmøre: Det er ønske om kurs på Stranda, alternativt i Ørsta.

Ole Rødstøl er viljug til å delta på fleire litt forkorta kurs i regi av fylkesbondelaget frå mars månad.

Dato/Månad	Tiltak/Arrangement	Stad	Deltakarar/Ansvarlege
25. feb.	Lokallaga frist uttale jordbruksavtala		
28. feb	Påmeldingsfrist fylkesårsmøtet		
1. mars	Kontingentforfall		
4. Mars	Fylkesstyremøte (handsame jordbr.avtala)	Molde	m/samvirkerepr.
Mars ?	Eigarskiftekurs ?	Stranda (Ørsta)	Rødstøl, laga, kontoret
12.-13. Mars	Årsmøte M&R Bondelag	Alexandra, Molde	Lokallaga, fylkeslaget
14. apr	Informasjonsaksjonsdag	Heile fylket	Lokallag, styre og sekr
14.-16. Apr	FK-veka stand	Molde	Styre og sekr
15. apr	FK-veka evt kort ope møte	Molde	Ope møte
23.-24. juni	Norges Bondelag årsmøte	Lillehammer	Utendingar
22. aug	Open Gard	Rundt i fylket	Lokallaga
25.-28.august	Matfestivalen i Ålesund		
3.-5. Sept	Dyregoddagane stand	Batnfjorden	Styre og sekr
3. sept	Fagkonferanse/seminar om samvirke? Bjørke +	Batnfjorden	Gjemnes BL og fylkeslag
12.-13 nov	Leiarmøte M&R Bondelag	Molde	Styra i lokallaga, fylkeslaget

AU-møte på jordbruksavtala fredag 26. febr kl 10.00 på kontoret.

Oversikt/invitasjonar/representasjon andre møter og arrangement:

20. februar: Årsmøte i M&R Bygdeungdomslag, Batnfjordsøra, Gjemnes, Anne Katrine Jensen

22. febr: Eidsdal og Norddal BL framfor jordbruksforhandlingane. Arne Magnus Aasen.

27.- 28. Febr: Tyr Møre og Romsdal årsmøte Vårsøg Hotel Surnadal – Melde forfall.

5. mars: Surnadal Landbrukskonferanse, Bondelaget, Sparebanken, Anne Katrine Jensen.

5. mars: Landbruksdepartementet høyringsmøte ny stortingsmelding Bergen. Karlsvik.

6. mars: M&R 4 H årsmøte Vonheim Malmefjorden. Anne Katrine.

10. mars: Årsmøte i Øksendal Bondelag. Wentzel

11. mars: NB samling rovdyrkontaktar Oslo. Oddvar Tynes.

24.-25. Mars: Representantskapsmøte i Norges Bondelag, Oslo. Ny leiar er påmeldt.

24. august: Møte med Gjensidige kl. 10-12, heile fylkeskontoret.

Møtet heva kl 16.00

Ref: Gunnar K Wentzel

SAK 20/2010: Vinnar av Aktivt Lokallag 2009**FORTRULEG: Namn på vinnar er fortruleg til fylkesårsmøtet**

Vedlagt årsmelding frå fleire kandidatar: Sykkylven, Averøy, Rauma, Straumsnes.

Alle desse laga har stor aktivitet siste året. Men medlemslista ved årsskiftet viser at eit lokallag skil seg ut m.o.t. medlemsverving. Sykkylven Bondelag har ein auka på 25 medlemmer siste året. Svært mange av desse er verva av tidlegare leiar, noverande kasserar i Sykkylven Bondelag, Hans Jakob Hatlestad. Det er første gong på svært mange år at vi no har eit lokallag som kan vise til så stor auke. Medlemsverving skal tilleggst stor vekt ved kåring av Aktivt Lokallag.

Og M&R Bondelag vil i år truleg ha ein kandidat som kan gå heilt til topps i kåringa og utdeling av vervevpremie på kr. 30.000 til beste lokallag i Norges Bondelag. Kåringa skjer på årsmøtet i juni. Eit kriterie for kåringa er at lokallaget må bli markert for sin verveinnsats på årsmøte, leiarmøte eller annan måte i fylkeslaget. Hans Jakob Hatlestad er invitert til årsmøtet i mars.

Vedlagte årsmelding frå Sykkylven Bondelag viser at laget i tillegg til aktiv medlemsverving hadde mange og varierte aktivitetar i 2009: Uttale jordbruksforhandlingane, Open Gard, møte og kurs om kravet til kompetansebevis i dyrevelferd, aksjonsdag med utdeling av avis, medspelar på hausttakkefest i kyrkja, møte med kommunen om SMIL-midlane og RMP, møte med fokus på framtida for landbruksmiljøet i bygda, kalktinging, plastinnsamling m.m.

Vedtak: Styret vil på årsmøtet utnemne Sykkylven Bondelag til Aktivt Lokallag 2009.

Laget får vandrepremien, trekofferten. Laget får tilbod om dekning av kostnadene til eit medlemsmøte for gamle og nye medlemer innan ein kostnad på inntil kr 3 000 dekkja av fylkeslaget.

Namn på vinnar er FORTRULEG til fylkesårsmøtet